

Tertialrapport 2/15 – Konesjonskraftomsetjing

	2015	2016	2017	2018	2019
Budsjett 2015	51,9	44,2	37,5	38,7	38,7
Ny prognose T1/15	54,2				
Ny prognose T2/15	52,4	48,0	42,5	41,0	40,9
Endring	- 1,8	3,8	5,0	2,3	2,2

Føresetnader Budsjett 2015/øk.plan 2016-2019:

Budsjettet for 2015/økonomiplan 2016 – 2018 er basert på marknadsprisar og valutakursar per våren 2014 og konesjonskraftmengde på 373 gwh. Kostnader med kjøp av konesjonskraft er berekna til 13,14 øre/kwh (vår innkjøpspris 10,84 + innmating 2,30). Kostnader med forvaltar, ulike gebyr etc. er berekna til 1,0 mill. kr.

I T1/15 vart prognosen for 2015 auka med 2,3 mill.kr. til 54,2 mill.kr.

Ny prognose 2015

Prognosen pr. T2/15 legg til grunn kjent mengde i 2015 – 394 gwh – og marknadsprisar/ valutakursar pr 02.09.2015

Med utgangspunkt i at vi, jf sikringsstrategien, har pris- og valutasikra deler av konesjonskraft vår er vi mindre utsett vår pris og valutasvingingar. Men prisane på den usikra konesjonskrafta har gjennom året vore vesentleg lægre enn det vi la til grunn ved inngangen til året. På den andre sida er euroen sterkare en føreset. Samla sett gjev desse komponentane ein inntektssvikt på **-1,3 mill.kr.**

Vår innkjøpspris (OED – prisen) for 2015 er fastsett til 10,60 ørd/gwh – ein nedgang på 0,24 øre/gwh i høve grunnlaget for budsjettet. Dette gjev isolert sett ein reduksjon i våre innkjøpskostnader på om lag 0,8 mill. kr. På den andre sida er kostnadane med innmating etc. sær usikre. Basert på dei kostnadane vi ser pr. dato kan anslaget på kostnadane med kjøp av konesjonskrafta reduserast med **0,5 mill.kr.**

Vår prognosemodell tek utgangspunkt i systemprisen på evalueringstidspunktet. Vår kraft vert imidlertid selt i område 5 (Vest-Norge). Områdeprisen vil ofte avvike frå systemprisen. Dette kan vere både positive og negative avvik. I tillegg har konesjonskrafta ein meirverdi som vår forvaltar prøver å maksimera. Pr juli har desse to komponentane samla eit negativt avvik på 0,6 mill. kr., mens dei i prognosemodellen er vurdert til 0. Korleis utviklinga ut året vil bli er usikkert, men mest sannsynleg vil den auka noko. Fylkesrådmannen rår til at vi estimerer det negative avviket til **1 mill.kr.** for heile 2015 sett under eitt.

Samla gjev dette redusert prognose for T2/2015 med **1,8 mill. kr.**

Urealisert valutagevinst (Agio)

I nedfelte rutinar er det fastsett at agio – valutagevinst/-tap – skal tap utgiftsførast over drifta men gevinst kun skal balanseførast mot konto 21332001. For åra 2012 til 2014 har vi hatt slik utvikling i agio.

	tap	gevinst
2012	849 729,61	
2013		3 302 150,79
2014		2 620 766,78
	849 729,61	5 922 917,57

Vi har difor i vår balanse ein post urealisert gevinst agio på 5,9 mill.kr. Våre rutiane er drøfta med revisor. Konklusjonen er at våre rutinar er feil – gevinst Agio skal inntektsførast førast over drifta. Oppretting av denne tidlegare feilføringa vil gje oss ei ekstraordinær inntekt i 2015 på kr 5 922 917,57. Agioen for 2015 ser, så langt vi har oversikt over no – ut til å bli negativ. Oppretting av tidlegare feilføring og føring av årets agio må sjåast i samanheng. Fylkesrådmannen kjem tilbake til sak til fylkestinget i desembermøtet.

Prognose 2016 – 2018

Ny prognose økonomiplan 2016 – 2019 baserar seg på same grunnlag som ny prognose T2/15. Ved rullering av planperioden vart 2019 sett likt 2018. Prognosen tek utgangspunkt i følgjande:

Prisar	pr. 02.09.2015
Tilgjengeleg volum:	394 gwh
Innkjøpskostnader:	13,0 øre
Valutakurs EUR:	9,34
Omkostn (forvaltar, div. gebyr)	1 mill.kr

I høve gjeldande økonomiplan gjev dette følgjande ny prognose:

	2016	2017	2018	2019
Økonomiplan 2016 - 2019	44,2	37,5	38,7	38,7
Ny prognose T2/15	48,0	42,5	41,0	40,9
Endring	3,8	5,0	2,3	2,2

Fylkesrådmannen vil koma attende til endeleg prognose for konsesjonskrafta for økonomiplanperioden i handsaminga av budsjett 2016/ØP 2016-2019.